


A-Post



Returadresse:

Postpensjonistane i Sogn og
Fjordane v/Jermund Fimreite
Norafjordvegen 1077

6859 Slinde

Medlemsblad for Postpensjonistane

I Sogn og Fjordane

Vestfylket

Årgang 13 April 2022 Nr 2

Ønsker du å delta på Datakurs?

Kan du tenke deg å lære å bruke PC/nettbrett eller friske opp kunnskapen din i små grupper.

Dersom du er interessert, kan du ta kontakt med Grete Finnebotn på mobil 92281768 eller epost: grete.finnebotten@gmail.com.

Årsmøtet takkar av to i styret



Oddny Rosenlid har vore sekretær i 10 år og Osvald Olsen har vore nestleder og bladstyrer for medlemsbladet Vestfylket i 4 år. På årsmøtet vart dei takka av med gode ord og fine blomar av leiar Jermund Fimreite. Det nye styret ser de på side 2 i dette hefte, referat frå finn de her: [referat fra arsmote postpensjonistane i s og fj 11 03 2022.pdf](#) (postpensjonistene.no)

Gode Medlemmer!

Då er me komne godt ut i året, me har avholdt årsmøte den 11 mars 2022 på Thon Hotell Skei med 40 medlemmer tilstades.

Politisjef Arne Johannesen hadde eit engasjerende innlegg til oss før årsmøte.

Det har vore eit 2 dagers data kurs for styret på Læg Reid Hotell, Sogndal. Holger Zachariassen var frå brukerstøtten og hadde kurset.

Aktivitetsnemda driv og lager til turer til oss no og ut mot summaren, og det er bra når det no er slutt på Corona 19 restriksjonane.

Då det er så mange som me ikkje har epost adressa til, må me bed om att alle sender ein epost til sogn-og-fjordane@postpensjonistene.no slik att me kan begynne å sende ut Vestfylke på epost.

Jermund Fimreite

Leiar

Mobil 90580749

jermundfim@hotmail.com

Invitasjon til dagstur 12.mai?

Aktivitetsgruppa vil gjerne få invitere til dagstur til Trivselshagen på Sandane, og vidare til Sølvane gard i Kandalen. Vi møtes kl.12.00 i trivselshagen, og tek med oss litt kaffimat og termos med drikke. Vi nyttar tida fram til 13: 30 til prat , kaffikos og vandring i trivselshagen. Klokka 14: 00 skal vi vera komne til Kandalen, der vil vi få omvisning på gardsysteriet og eit galleri. Etter omvisninga blir det severt 2 retters middag.

Medlemer får dekka kr.200, av det middagen kostar (ca.500 kr). Snakk med postkollegar og bli med. Eigen transport til Sandane og Kandalen.

Påmelding innan 07. mai til 95843647 (Anna Lunestad)

Grasrotandelen

Grasrotandelen er ein del av det den einskilde tippar for (7%), som kan gå til lag og organisasjonar. Du kan støtte oss med å oppgi vårt org.nr.994 563 106 neste gong du tippar.

Arbeidsplan for aktivitesgruppa 2022

12.05.2022
Trivselshagen på **Sandane og Sølvane**.
Privat museum.

13.06.2022
Bulandet /Værlandet
Overnatting i Askvoll. Samla køyring.
Temapark og mat.

August: Tur til fartøyvernssenteret i **Norheimsund**, dag 1
Vinsmaking og båttur Sørfjorden. Dag 2.

Fleire alternativ :
Norheimsund – Lofthus, besøk på Alverstad gard, eit par ledige timar til båt ut fjorden att til Norheimsund.

Norheimsund – Lofthus, Alverstad gard og siderruta over til Aga, Nå, og so mat på Lofthus.

Norheimsund – Lofthus , båten vidare til Eidfjord , opphald i Eidfjord , og so båten tilbake til Lofthus og vidare til Norheimsund.

Heimatt dag 3.

September:Postmuseet i **Lærdal**
Lærdalsmarknaden

Bringterminalen på Moskog

Mandag 14.februar hadde postpensjonistane i Sogn og Fjordane avtalt omvisning på Bringterminalen på Moskog.

Vi var 18 stk. frå heile gamle Sogn og Fjordane som møtte opp på Moskog til kl.13:00.

Etter ein gjennomgang av sikkerheit fekk vi koma inn i den store hallen. Innvendig var terminalen svært romslig. Alt var automastisert og godt tilrettelagt. Pakkane kom men dei hadde rulleband som dei drog inn i skapet på bilen. Ved enden av bandet var det lesar/ skanner som bestemte vegen vidare for pakkane. Pakkane vert sendt ut i området tidlig morgon. Ettermiddag blei innkomne pakker sortert og vidare sendt til Oslo, Bergen osv. Stor takk til Bringterminalen på Moskog. Etter omvisninga fekk vi servert ein middagstallerk med gryterett, kaffi og winerbrød på Jølstraholmen

Takk for framråde.

Ref. Anna Lunestad

Styret:

Leiar:

Jermund Fimreite, Norafjordvegen 1077,

6859 Slinde. Mobil: 90580749

E-post: Jermundfim@hotmail.com

Nestleiar:

Venke Heggenes Linde, Mobil 91739257

Sekretær:

Åse Rosø, Mobil 90978333

Økonomiansvarleg:

Anders Vosseteig, Mobil: 91565504

E-post: anders.vosseteig@enivest.net

Styremedlem:

Kjell Skår, Mobil: 91862901

